



Vang kommune

Rådmannskontoret

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vår dato:

NILREM - 18/3800

U01, &00

26.06.2018

Retningslinjer for bruk at tilskot til næringsutviklingsarbeid

Vedteke 14.06.18

Sist reviderte etter kommunestyrets vedtak 14.06.18

1.FØREMÅLET MED BRUK AV TILSKOT TIL NÆRINGSUTVIKLINGSARBEID:

Vang kommune ynskjer gjennom denne ordninga å stimulere og styrke det lokale tiltaksarbeidet. Pengane som er løyvde til formålet er eit verkemiddel i arbeidet for å styrke næringsliv og busetting i kommunen. Vang kommune ynskjer gjennom denne ordninga særleg å støtte fylgjande tiltak:

- Tiltak for å lage ny verksemd og nye arbeidsplassar på grunnlag av lokale ressursar
- Tiltak som sikrar arbeidsplassar i eksisterande verksemd, herunder nyinvesteringar/ utvikling av eksisterande næringsverksemd
- Spesielle tiltak for å auke sysselsettinga blant kvinner
- Tiltak for arbeidsplassar spesielt for ungdom

Ordninga gjeld ikkje stønad til investeringar i landbruket (jordbruk, skogbruk og pelsdyrnæring som blir omfatta av særskilte tilskottsordningar), dersom ikkje særlege grunnar talar for dette.

2. BRUK AV MIDLANE:

Tiltak som vil vera aktuelt å støtte med tilskot gjennom denne ordninga kan vera:

- Oppstarting og etablering av ny verksemd som vil gje nye arbeidsplassar i kommunen
- Undersøkingar og planlegging i samband med etablering av nye verksemdar
- Nyinvesteringar/utvikling av eksisterande næringsverksemd
- Ulike typer opplæringstiltak for nyetablerarar
- Pionerprosjekt/prøveprosjekt
- Forsknings- og undersøkingsanalyse
- Ulike typer fellestiltak innan ei eller fleire næringer
- Informasjons- og PR-arbeid

Midlane kan ikkje brukast til:

- sletting av gjeld
- finansiere den ordinære drifta av verksemda
- finansiere vedlikehaldskostnader
- finansiere lausøyre, maskinar, køyrety m.v.

Ingen søkjar har krav på tilskot.

3.KRAV TIL SØKJAREN / SØKNADEN:

Næringsfondsmidler kan søkjast fortløpande.
Det skal skrivast ein utfyllande søknad som følger punktlista nedanfor.
Søknaden skal sendast Vang kommune v/Innovangsjon SA.
Søknad skal sendast FØR prosjektet blir igangsett.

Det kan unntaksvis godkjennast at prosjekt som det vert søkt om tilskot til kan vere igangsett sidan siste søknadsfrist. Søknaden bør då fremjast umiddelbart sjølv om søknaden fyrst blir å behandla i neste formannskapsmøte.

Kommunen sin næringskonsulent kan gje råd og rettleiing i søknadsfasen.
Søknaden skal innehalde opplysningar om:

- Søkjaren og verksemda; Eigartilhøve, leiing og organisasjon, utdanning, praksis o.l
- Føremålet med søknaden
- Storleiken på søknadsbeløpet.
- Forretningsplan/ herunder målsetjing for prosjektet/verksemda
- Kva verksemda omfattar (produktbeskriving)
- Marknads- og salsaktivitetar
- Kostnadsoverslag og finansieringsplan satt opp i eit prosjektbudsett
- Storleik/omfang på verksemda, tal på arbeidsplassar m.v.
- Framdriftsplan for prosjektet
- Andre relevante opplysningar; t.d. kan kopi av næringsoppgåve/sjølvmelding leggjast ved

Søknader med store manglar vil bli avvist.

4. STØTTEFORMER OG STØTTEVILKÅR

Midlane kan gjevast som tilskot til dei føremål som er nemnde i pkt. 1 og 2.

Midlane kan brukast til aksjeteikning og andelskjøp
(Aksjeandel kan ikkje vere over 25% - 50% avhengig av prosjekt, jfr. vedtekter for næringsfondet).

Storleiken på tilskotet skal fastsetjast i kvart einskild tilfelle etter søknad men maksimalt 350 000 kroner eller intill 25% av prosjekte. Marknadsføring kan få intill 50% av prosjektkostnaden men avgrensa til nemnde maksimal beløp.

Ved vurdering av kor stort tilskot som skal gjevast, skal det leggjast vekt på verdien prosjektet har for å skapa nye arbeidsplassar og sikra sysselsetting.

Vidare skal tilskot vurderast i høve til søkjaren si eiga evne til å finansiere prosjektet, og tilskot frå statlege finansieringsinstitusjonar (Innovasjon Norge, Bygdeutviklingsmidlar (BU) eller andre).

Tiltak som kan finansierast innafør rammene av slike ordningar, fell i utgangspunktet utanom denne kommunale tilskotsordninga.

Ved evt. samfinansiering må det takast omsyn til gjeldande regelverk for samla offentleg støtte.

5. BEVILGANDE MYNDIGHEIT

Ramma for denne tilskotsordninga blir fastsett av Vang kommunestyre gjennom økonomiplanen. For å sikre forutsigbarheit bør ein ha ein 4 års horisont og behandle tildelinga som ein rammepost.

Ved underforbruk av tildelte midlar skal gjenståande fondsmidlar overførast og leggjast til neste års budsjett.

Det opnast opp for at Formannskapet kan nytta intill 100% meir enn årsbudsjettet. Overforbruk blir avrekna mot ramma gitt i økonomiplanen.

Formannskapet avgjer korleis midlane til næringsutviklingsarbeid i Vang kommune skal fordelast. Rådmannen gjev tilråding.

Rådmannen har delegert myndigheit til å gje tilsagn i saker som vert sett på som relativt kurante, innafor ei øvre grense på kr 25.000,- i det einskilde tilfelle. (KI § 23-4).

6.UTBETALING

Utbetaling av tilskot skjer ved å sende inn skjemaet *Søknad om utbetalning av næringstilskot*. Prosjektrekneskap med tilhøyrande fakturaer skal leggjast ved. Etter ynskje frå søker kan inntil 50% av tilsagt beløp tilvisast når minst ein tilsvarande del av tiltaket er dokumentert gjennomført.

7.BORTFALL AV TILSAGN OM TILSKOTT

Dersom søker ikkje tek kontakt med kommunen ved rådmannen innan to år etter at tilsagnet er gjeve, fell dette bort.

Kommunen kan ved særlege høve forlengje fristen for utbetaling med inntil eitt år.

9.ENDRING I RETNINGSLINENE

Kommunestyret kan endre desse retningslinene for tilskot til næringsutviklingsarbeid i Vang kommune, dersom praksis og behov tilseier det.